

NORDRE

redaksjon@nordrenett.no
www.nordrenett.no

TIPS OSS: 70 20 84 80



Adventspraten

Nordre · torsdag 26. november 2020

HN HARAMSNYTT

20 ÅR SIDAN

Brattvåg Båt og Fritid tek over jerniautikken Jern & Fargar i månadsskiftet november/desember. Dei er no i full gong med å utvide lokala sine med om lag 100 kvadrat for å gi plass til dei nye varene. Totalt blir butikken no på 250 kvadratmeter pluss lager.

– Vi er no godkjende jerniaforhandlarar og tek over heile Jerniakonseptet. Vår filosofi er at det skal bli ein nyttebutikk, ikkje ein pyntebutikk.

– Vi vil bygge opp ein båthall på baksida av Haugstad, der alle båtene skal utstillast. Inne i lokala vert det berre butikdel og ikkje båtutstilling, fortel Rune Fjortoft som er dagleg leiar ved Båt & Fritid i Brattvåg.

Haramsnytt, 24. november 2000

40 ÅR SIDAN

Eit eldre trehus i Instevågen i Brattvåg vart totalskadd av brann natt til laurdag. Brannen vart oppdaga like før klokka fire om natta, men huset var alt overtent då branvesenet kom til.

Huset vart nytta som lager, men har tidlegare vore forretningslokale, og må seiast å vere av historisk verdi.

Ingen kom til skade under brannen og det var berre eit mindre parti klede inne i bygninga då brannen braut ut. Ikkje noko vart berga.

– Dette er den tredje brannen på stutt tid på fastlandet i Haram. To av desse brannane har vore i Brattvåg.

Haramsnytt, 25. november 1980



Stor stas på Vatne torsdag då Ulven konfeksjon opna dørene til sitt nye forretningslokale i første etasje i fabrikkbygninga til den tidlegare konfeksjonsfabrikken.

– Dette lokalet har til no vore nytta til bibliotek, medan forretninga har lagt i underetasjen. Men no er biblioteket flytta lenger inn, og dermed har ein fått ei tidhøveleg forretning på gateplan.

– Dei første kundane får alltid blommar, så også når Ulven Konfeksjon opna dørene. Det er Gøte, Karen og Carina Ericson som får blommar av Asbjørg Ulvestad, medan dei to Petter Bjarn'ane fylgjer med.

Haramsnytt, 25. november 1980

FAKTA

- ➔ Namn: Lena Gurine Vinje Ulvund
- ➔ Alder: 49 år
- ➔ Bustad: Hildre
- ➔ To barn: Tobias (18) og Amalie (22)
- ➔ Yrke: Lærar på Hildre Montessori-skule
- ➔ Særtrekk: Enebarn og del av ein stor søskenflokk

Nesten heilt oppe i myra på Hildre finn vi Lena Ulvund sitt paradisi.

Det vil seie, no i mørketida er nok parken og paradiset parkert og slett ikkje så fargerikt.

Men ettersom dette skal vere ein adventsprat, syns det naturleg å ta fram eit adventsfarga minne frå i sommar.

Familien viktigast av alt

Lena er einbarn og samtidig del av ein stor søskenflokk. Dette å ha to pappaer, ein fest-pappa og ein kvardagspappa, har nok prega Lena heile livet. For eldra skilde seg då ho var berre 1 år, og etter kvart vart ho eldst i ein søskenflokk på seks. Dei fleste av søsken bur i området, og Lena er svært oppteken av å halde familien samla.

– Til jul vil eg gjerne samle så mange som mulig av den talrike familien, seier ho, og understrekar at x-ar og y-ar og store og små er like velkomne.

– Bittelille julaftan er den første store inkluderande festkvelden i det store kvite huset.

Ho blir brått alvorlig.

– Men det spørst korleis det blir i år, seier ho og slår blikket ned.

Masse englar

Det er englar i alle storleikar og fasonar rundt omkring. I den lyse stova passsar dei verkeleg godt.

– Men dei er der berre til pynt altså, seier Lena.

Mormor og morfar

Lena har ikkje akkurat Hildre-dialekt, men ei lett blanding av litt av kvart.

Ho fortel at familien flytta mykje gjennom barne- og ungdomsåra. Men i 1999 flytta ho tilbake til Hildre, for å busette seg der.

– Eg ville at barna mine skulle få høyre til ein stad. Det viktigaste av alt er tryggleik, og å ha nokon som veit kven du er.

Mormor og morfar til Lena og søskenka var Ivar og Ragnfrid Hildre.

– Eg er så glad for at eg fekk vere der for dei heilt til det siste. Mormor er mitt største pedagogiske førebilde, fortel Lena og legg til:

– Ho sette seg alltid på bordet der barna satt. Ho var veldig glad i barn.



PYNT Lena Ulvund i førjulspynte stove. Foto: Marit Gaustad

Å vere glad i barn er det viktigaste for alle lærarar

På Hildre Montessori-skule, der Lena jobbar, har juleførbuinga høg prioritet.

– Det er no ikkje sikkert alle barn får bake heime, eller for den saks skuld snakke om jula og alt som høyrer til, seier ho.

I førjulstida har skulen fire aldersblanda grupper, som alternerer mellom fire tema: Ei bakegruppe, ei gruppe som har temaet lysfestar og lagar lyslykter mellom anna, ei gruppe har juletradisjonar som tema og den siste gruppa har nissar og overtru som tema.

Det var då vi spurte om kva som er Lena sine håp og ønsker for tida som kjem, at ho verkeleg hadde mykje på hjartet:

– Først og fremst håpar eg å få dotter mi heim frå England til jul. Og så ønsker eg av heile mitt hjarte at alt dette vanskelege koronastyret var over. Og at folk var snillare med kvarandre.

– Ekstra snille på nett, kanskje, legg ho til.

Snarvisitt på Hildre Montessori-skule

Det var verkeleg liv og røre på skulen i dag. Over alt var blide elevar i ferd med å starte på årets førjulsaktivitetar. Men så frededeleg likevel, så godt å rusle rundt og småprate med elevar som var i aktivitet med ulike oppgåver.

MARIT GAUSTAD
redaksjon@nordrenett.no



GRUPPE Lena med gruppa si på Hildre Montessori-skule. Elevane er f.v. Oliver Ville, Markus Mage og Oliver Stene. Foto: Marit Gaustad